



Aurland Arbeiderparti

Program

2023 - 2027



Program 2023 – 2027

Aurland skal vera ein kommune der me løyser oppgåvene saman.

«Gode tenester i heile kommunen»

Våre 10 viktigaste saker er:

- **Konsesjonskrafta skal til ei kvar tid seljast rimeleg til innbyggjarane.**
- **Me skal ha eige legekontor i Aurland.**
- **Me skal ha byggjeklare tomter tilgjengeleg i heile kommunen.**
- **Gratis skulemat og skulefrukt.**
- **Auke resursar og kompetanse innan psykisk helse.**
- **Me vil ikkje innføre nullkonsesjon/buplikt i denne perioden.**
- **Vera ein pådrivar for å etablera fleire treffpunkt for alle innbyggjarane i kommunen vår.**
- **Arbeide for sikring av heile Flåmsvassdraget.**
- **Opprette ein utstyrssentral som sikrar alle tilgang på utstyr til å drive med ulike aktivitetar.**
- **Setje fokus på infrastrukturtiltak i heile kommunen, som til dømes parkering, sanitærforhold og renovasjonspunkt.**

Eldreomsorg, helse og beredskap

Den største utfordringa vår er å skaffe nok hender inn i tenestene. Her er det satt i gang eit arbeid med rekruttering som me vonar vil gi resultat. Dette arbeidet



skal me støtte opp om og gi dei ressursane som trengs. Brannetaten er ein viktig ressurs. Me kan samarbeide med omkringliggande kommunar på eit overordna fagleg nivå

Arbeidarpartiet vil;

- **ha legekontor i Aurland**
- **auke ressursar og kompetanse innan psykisk helse**
- **jobba for å sikre god rekruttering av helsepersonell**
- **at me skal ha brannvesen og eigen brannsjef i Aurland**
- **ha gode ordningar for dei som vil utdanne seg til yrker me treng**
- **ha gode og tidsretta bustader til tilsette i Aurland Kommune**



Bustad og tomter

Aurland har ikkje hatt byggjeklare tomter tilgjengeleg på ei årrekke.


Vårt mål er å ha byggjeklare tomter til innbygarane til ei kvar tid. Dette er ambisiøst, men me meiner dette er eit

viktig tiltak for å skape positiv vekst i kommunen.

Kommuneplan og kommuneplanen sin arealdel vert viktig i denne perioden. Samstundes må ikkje denne planen vere til hinder for utvikling i kommunen.

Arbeidarpartiet vil:

- **ha byggjeklare tomter i heile kommunen**
- **ikkje innføre nullkonsesjon/buplikt i denne perioden**
- **utvikla den kommunale eigedomsmassen**
- **sikre god kompetanse, slik at prosessar går raskt og korrekt**
- **betre samhandling internt i kommunen for å sikre rett bruk og utnytting av eigedomsmassen**
- **at informasjon om etablering i Aurland bør vere lett tilgjengeleg**
- **at tilflyttarkontor er eit tiltak som kan bli aktuelt**



Arbeidsplassar og næringsutvikling

Aurland har eit mangfaldig næringsliv. Levande landbruk er ein av bærebjelkane i verdsarvstatusen vår. Arbeidarpartiet lovar å jobbe offensivt og framoverretta for å skape utvikling i heile kommunen. Me skal ha ei positiv tilnærming til alle som vil driva utvikling med ein føresetnad om at det vil gi kommunen skatteinntekter og arbeidsplassar.

Grunnhaldninga skal vere «dette får me til».

Arbeidarpartiet vil;

- **sikra cruiseturisme etter 2026**
- **legga til rette for å etablera ein næringspark med tilgjengeleg areal, der me kan samle forskjellige fagmiljø**
- **at turistnæringa gir flest mogleg heilårsarbeidsplassar**
- **styrka næringsarbeidet**
- **vera positive til etablering av nye attraksjonar**
- **ha mål om å leggja til rette for stabilt uttak av bergarten anortositt**
- **vurdere om eksisterande eigedomsmasse kan utviklast til ny næring**
- **utvikle eit tilbod for dei som fell utanfor arbeidslivet og treng noko å gå til. Til dømes ein «frivilligheitssentral»**
- **støtte ei berekraftig utvikling av landbruket med fokus på kortreist mat, arbeidsplassar og god mattryggleik**

Oppvekst og utdanning

Me bur i ein kommune med trygge og gode oppvekstvilkår for ungane våre. Dette vil me sikre for kommande generasjonar. Me har gode skular og barnehagar, noko me kan vere stolte av.



Arbeidarpartiet vil;

- **innføre gratis skulemat og gratis skulefrukt**
- **ha fleire lærlingplassar i alle einingar**
- **tilretteleggje for å integrere flyktningane som kjem til kommunen både i barnehage, skule og arbeidslivet**
- **at det skal vera barnehage og skule i Aurland og Flåm**
- **styrka budsjettet til skulane slik at elevane og lærarane har gode verktøy for god læring**
- **bevare og utvikla Sogn Jord- og Hagebruksskule**
- **ha fokus på at det er rett og nok kompetanse i barnehagar og skule til ei kvar tid.**



Kultur, idrett og fritidsaktivitet

Aurland har eit godt og breitt tilbod innan idrett og kultur, me vil leggja til rette for at det framleis skal vere slik.

Arbeidarpartiet meiner at kommunen si viktigaste rolle for kultur, idrett og frivilligheita er å leggje til rette for eit godt og breitt tilbod for alle. God støtte frå kommunen sikrar rimelege tilbod til innbyggjarane.



Arbeidarpartiet vil;

- **opprette ein utstyrssentral som sikrar alle tilgang på utstyr til å drive med ulike aktivitetar**
- **arbeide for fleire båt plassar, samt eit bunkringsanlegg. Ventelista for båt plass er for lang**
- **at kommunen opprettar ei stilling knytt til arrangement, slik at ein kan sørge for at tradisjonsrike arrangement kan halde fram og nye kome til**
- **at dagens ordning med kulturmidlar skal halde fram og styrkast**
- **vera ein pådrivar for å etablera fleire treffpunkt for alle innbyggjarane i kommunen vår**



Klima- og miljøtiltak

Arbeidarpartiet vil arbeida for landstraumtilkopling når dette er økonomisk forsvarleg. Me vil ha ein unik moglegheit med eit landstraumanlegg til å bli eit grønt reisemål. Med landstraum til Flåm sikrar



me heilt rein kraft til både skip og båtar, bilar og bussar. Då kan me marknadsføra oss som ein miljøvenleg kommune.

Arbeidarpartiet vil;

- denne perioden setje fokus på infrastrukturtiltak i heile kommunen.
- leggja til rette for at det ikkje oppstår konflikhtar mellom bygdefolk og turistar.
- arbeide for flaumsikring av heile Flåmsvassdraget heilt ned til fjorden
- at renovasjonspunkt må opparbeidast i områda der turistane ferdast.
- vera positive til auke i kraftproduksjonen i kommunen vår, med ei naturvenleg forankring

Økonomi

Arbeidarpartiet meiner at Aurland har eit godt fundament med høge inntekter, men me har òg investert tungt i symjebasseng, barnehage og helse. Me må dei neste åra ha fokus på gode tenester, og ein organisasjon som er effektiv der me utnyttar dei resursane me har på best mogleg måte.

Arbeidarpartiet vil;

- innføra eit destinasjonsbidrag. Dette skal gå til å investere i betre infrastruktur for reiselivet, turistane og innbyggjarane**
- prioritera drift og vedlikehald på eksisterande bygningar**
- sjå nærare på kva me treng av bygningar i framtida og avhende det me ikkje treng**
- arbeida for ein sterk og sikker oppfølging og gjennomføring av kommunale investeringsprosjekt og byggjeprojekt**
- samarbeide med omkringliggjande kommunar på område der ein ser at ein får økonomisk gevinst, og eit betre tilbod til innbyggjarane**
- at grunnkapitalen til konsesjonsavgiftsfondet skal styrkast**
- arbeide for at det er god og rett kompetanse på alle nivå i kommunen**
- ikkje innføre eigedomsskatt**

Samferdsle

Med hovudfartsåra, E16, mellom landets to største byar gjennom kommunen vår, må me arbeide for at vegen blir sikra med turstiar på fleire strekningar. Me har mange rasutsette



strekningar i kommunen vår. I denne perioden må me vera framsynte og jobba for å skaffa midlar til utbetring av desse strekningane. Oppgraderinga av Lærdalstunnelen må skje på ein måte som gjer at Aurlandssamfunnet ikkje vert for skadelidande.

Arbeidarpartiet vil;

- **vera ein aktiv pådrivar for å få på plass tursti mellom Aurland og Bøen**
- **arbeide for at fylkesvegen frå E16 ned til Flåm Stasjon vert utvida**
- **utbetre strekninga mellom Onstad og påkøyringa til E16, slik at den er trygg for mjuke trafikkantar**
- **at parkeringsstrategien vert følgt opp slik at me får betre parkeringstilhøve i kommunen**
- **ha gode skilt på fleire språk som styrer trafikken rett**

Politikk

Arbeidarpartiet er klare til å ta ansvar dersom veljarane gir oss mandat til det. Me har ikkje knytt oss til noko samarbeid med andre parti. Det er partiet sine medlemmar som skal bestemma kva retning me tek, men først må veljarane gi oss si stemme.

Arbeidarpartiet samarbeider og vil samarbeide med alle parti for å få gjennomslag for vår politikk.

Arbeidarpartiet vil ha ein politikk som er open og inkluderande.

**Arbeidarpartiet
ynskjer at debattane
skal gå i opne fora.**

**Makta ligg i
kommunestyret, der
bør debattane vere
opne og ærlege.**



Ordførarkandidat

Kjell Bøe Bjørgum, 34 år og bur i Vassbygdi

Han arbeidar som butikkmedarbeidar.

Han driv aktivt innan skyting. Han har vert medlem i styret i skyttarlaget dei siste 15

åra. Kjell likar å ta i eit tak for

lokalsamfunnet. Han er effektiv og likar

å ha system.



Politisk bakgrunn:

2011-2015: Medlem av Drift og Eigedomsutvalet.

2015-2019: Vara kommunestyret.

2019-2022: Kommunestyre, nestleiar i Levekårsutvalet

Leiar, sekretær, nestleiar i Aurland Arbeidarparti dei siste 8 åra.

Mine ynskjer for Aurland:

Eg ynskjer at Aurland skal vera eit godt val der alle vert høyrte.

Konsesjonskrafta skal selgast rimeleg til innbyggjarane. Det skal vera Legekontor i Aurland. Me må ha gode tenester for innbyggjarane.

Eg vil byggja sterke fleirtal på tvers av partilinjene, med gode vedtak som står seg over tid. Eg vil byggja eit Aurland basert på samarbeid, openheit og gode fellesskap.

2. kandidat

Therese Turlid, 49 år og bur i Aurland

Therese jobbar hjå Hafslund Eco

**Vannkraft, har hatt fleire styreverv og føl
godt med på det som skjer i bygda vår.**



Politisk bakgrunn:

**Nestleiar i Aurland Arbeidarparti. Tidlegare medlem av
kommunestyret og leiar av administrasjonsutvalet.**

Mine ynskjer for Aurland:

**Det er mange som slit psykisk, og det må satsast på frametter.
Me må setje inn nok resursar i psykiatriarbeidet.**

**Me har eit allsidig næringsliv i kommunen, det skal me ha, so me må
vera profesjonelle i handteringa av ny næringsetablering, ta imot
gode aktørar og ivareta eksisterande bedrifter.**

Det skal framleis vere cruisetrafikk til Flåm, ogso etter 2026.

Korleis røystar du?

Alle over 18 år kan avgi røyste, i den kommunen ein er folkeregistrert. Utanlandske statsborgarar frå land utanfor Norden må ha vert registrert busett i Norge samanhengande dei tre siste åra før valdagen. Du kan berre røyste ei gong, enten på valdagen eller ved førehandsrøyste.

Du kan førehandsrøyste på rådhuset frå 10. August til 8. September. Du kan røyste søndag 10. september på Rådhuset eller på valdagen 11. september på ein av desse valkretsane; Vangen, Vassbygdi, Flåm, Undredal og Skjerping. Følg med på kommunen sine heimesider for oppdatert informasjon og opningstider på vallokala.

Når du kjem inn i valboden bak forhenget finn du røystesetlar til kommunevalet og til fylkestingsvalet. Du skal ta ein røystesetel til kvart val. På kvar røystesetel kan du krysse av framfor namnet til kandidaten for å gi den personen ei ekstra personrøyst. Slik kan du påverka kven som kjem inn i kommunestyret. Partiet får plassar i kommunestyret utifrå kor mange røyster dei får ved valet. Kven som får dei plassane vert avgjord ved å rekne ut personrøyster. Du kan òg gi personrøyster (kalla slengar) til personar som står på andre parti sine lister. Slengarane tel like mykje som personrøyster på kven som kjem inn i kommunestyret. Er du usikker kan du spørje ein valmedarbeidar om assistanse.

Bruk røysteretten din!



Aurland Arbeiderparti

Dette er våre kandidatar

- | | | | |
|-----|--------------------------------|--------------|------------------|
| 1. | Kjell Bøe Bjørgum | 34 år | Vassbygdi |
| 2. | Therese Turlid | 49 år | Aurland |
| 3. | Per Are Flåm | 54 år | Flåm |
| 4. | Anja Hauståker | 40 år | Flåm |
| 5. | Tor Skjerdal | 32 år | Aurland |
| 6. | Bjørn Vike | 69 år | Aurland |
| 7. | Gro Anita Stentvedt | 56 år | Aurland |
| 8. | Eli Kristin Stave | 54 år | Flåm |
| 9. | Erling I. Nesbø | 57 år | Flåm |
| 10. | Reidun Bøe Bjørgum | 55 år | Vassbygdi |
| 11. | Kjetil Turlid | 55 år | Aurland |
| 12. | Ragnar Vidme | 73 år | Flåm |
| 13. | Elisabeth Grymyr Djønne | 37 år | Aurland |
| 14. | Asbjørn Jordalen | 39 år | Aurland |
| 15. | Jannike Iren Skjerdal | 27 år | Aurland |
| 16. | Ingunn Jacobsen Ohnstad | 50 år | Aurland |
| 17. | Martin Løland Borlaug | 30 år | Vassbygdi |